
Saknr: 2020/776-2
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Evaluering av omlegging av fv 567 gjennom Hosanger

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg og munnleg statusrapportering når det gjeld vidare oppfølging av punkt 2 som gjeld gråsteinsmuren, til møte i utvalet 08.06.2020.
2. Den skriftlege rapporteringa vert å sende sekretariatet innan 18.05.2020.
3. Etter ei totalvurdering, seier kontrollutvalet seg samd med fylkesrådmannen i at det er svært vanskeleg for Vestland fylkeskommune å svare meir detaljert på dei andre punkta. Kontrollutvalet seier seg difor ferdig med den delen av saka.
4. Kontrollutvalet gjer merksam på at ei formell klage på prosjektet ikkje vil verta handsama av utvalet, då kontrollutvalet ikkje er eit klageorgan.

Samandrag

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune handsama fleire gonger sak om at det ikkje er gjort evaluering av omlegginga til ca 50 mill kr av fv 567 gjennom Hosanger. Denne saka er ei vidare oppfølging av denne saka.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Brev frå Mjøs til kontrollutvalet 25.08.2019
- 2 Fv 567 Hosanger sentrum - notat til kontrollutvalet
- 3 Fv 567 Hosanger sentrum - rapportering frå Statens vegvesen
- 4 Lars Mjøs sitt notat 05.11.18
- 5 Lars Mjøs sitt notat 04.06.19
- 6 SVV sitt svar til Mjøs 30.07.19
- 7 Fylkesrådmannen sitt notat 19.08.19
- 8 Lars Mjøs til kontrollutvalet 26.08.19
- 9 Mjøsdaalen grendaråd til kontrollutvalet 28.08.19

- 10 Gaute Røsland sitt brev til kontrollutvalet
- 11 Lars Mjøs sin epost 29.03.19
- 12 Lars Mjøs _ epost med SVV

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med handsaming av «RS 18/19 Statens vegvesen evaluerer ikkje omlegginga til ca 50 mill kr av fv 567 gjennom Hosanger» i møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 07.05.2019 vart det gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet ber konst. fylkesrådmann skriftleg orientere til neste møte om sitt syn på saka og om, og i tilfelle kva som er gjort/vil verta gjort frå Hordaland fylkeskommune si side i saka. Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 23.05.2019.»

På bakgrunn av vedtaket over handsama kontrollutvalet saka i møta 12.06.2019, 02.09.2019 og 25.11.2019, der det i siste møte vart protokollert dette:

«Konst. fylkesrådmann i Hordaland fylkeskommune, Ingrid Holm Svendsen, prosjektleiari/fylkesrådmann i Vestland fylkeskommune, Rune Haugsdal, fylkesdirektør samferdsel, Håkon Rasmussen, frå samferdselsavdelinga, Jon Martin Jakobsen, frå Statens vegvesen, Grete Vikane, og frå Statens vegvesen, Siri Kropelin Bernås orienterte om sitt syn på evalueringa av omlegging av fv. 567 gjennom Hosanger og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Fylkesrådmann Rune Haugsdal konkluderte med at dei vil rette opp det som kan karakteriserast som manglar i høve inngåtte kontraktar for dei 19 punkta det er stilt spørsmål ved. Det kom også fram at ein ser at prosjektstyringa på dette vegprosjekt, og andre vegprosjekt ikkje har vore god nok, jf. forvaltningsrevisjon Hordaland fylkeskommune - Planlegging av investeringar frå 2016.

Kontrollutvalet oppmodar om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, til første møte i 2020 i det nye kontrollutvalet, sender til utvalet ei skriftleg vurdering når det gjeld manglar i høve inngåtte kontraktar for dei 19 punkta som det er stilt spørsmål ved.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

- 1. Kontrollutvalet oppmodar om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, til første møte i 2020 i det nye kontrollutvalet, sender til utvalet ei skriftleg vurdering når det gjeld manglar i høve inngåtte kontraktar for dei 19 punkta som det er stilt spørsmål ved.*
- 2. Det vert oppmoda om at det skriftlege svaret vert å sende sekretariatet innan 27.01.2020.*
- 3. Informasjonen vart elles teken til orientering.»*

Tidlegare korrespondanse med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i denne saka ligg ved som vedlegg 1.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet gjer vedtak i saka, jf. Kommuneleva § 23-2.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av vedtaket over har vi motteke notat frå fylkesrådmannen inkludert 10 vedlegg, jf. vedlegg 2 - 12 til denne saka. I tillegg har vi til orientering lagt ved brev frå Mjøs til kontrollutvalet 25.08.2019.

Fylkesrådmannen si tilråding:

Av notatet går det m.a. fram i fylkesrådmannen si tilråding når det gjeld punkt 2 av dei 19 punkta det er stilt spørsmål ved, at fylkesrådmannen vil ta kontakt med Osterøy kommune som planmynde, og grunneigar, for dialog om moglege rettingstiltak.

Vidare går det fram av notatet at fylkesrådmannen meiner det er vanskeleg å konkludere på fleire av områda, men utover manglande gråsteinsmur synest også handtering av massar og matjord uheldig.

Vidare har sekretariatet merka seg at fylkesrådmannen skriv dette:

«Fylkesrådmannen kjenner ikkje til at det har komme klager frå grunneigarar på prosjektet, utover Lars Mjøs sitt notat og brevet til kontrollutvalet frå Gaute Røsland (vedlegg 8). Sistnemnde brev tyder på dårleg oppfølging frå entreprenør. Ettersom prosjektet vart avslutta i 2016, reklamasjonsfristen mot entreprenør er ute og ingen formelle klager er kjent, vil fylkesrådmannen avvanta eventuelle formelle klager.»

Fylkesrådmannen sine avsluttande kommentarar i notatet:

«Som det gjekk fram av orienteringa til Statens vegvesen i kontrollutvalet den 25. 11. 19, gjeld dette eit prosjekt frå 2012-2016. Det var komplisert, og prosjektet vart vesentleg dyrare enn opphaveleg rekna med. Det er konstaterert mangelfull dokumentasjon på oppfølginga i Statens vegvesen. Statens vegvesen orienterte for kontrollutvalet at ein har arbeidd med og dokumentert prosjekt på ein heilt annan måte dei seinare åra.

For Vestland fylkeskommune er det vanskeleg å svara for dette. Ordninga med sams vegadministrasjon føresette at det ikkje skulle vera dobbel administrasjon, og fylkeskommunen hadde verken kompetanse eller kapasitet til prosjektoppfølgning. Det at personane som jobba med prosjektet for 4-8 sidan for ein stor del er slutta, gjer det svært vanskeleg for administrasjonen å svara ut meir detaljert.

Prosesen med regionreforma, spesielt det siste året, har vore særers ressurskrevjande både for den tidlegare samferdselsavdelinga i Hordaland, og ikkje minst for Statens vegvesen. Mange nøkkelpersonar slutta, delvis grunna usikkerheit rundt reforma, andre pensjonerte seg. Det vart til dels ei svært stor belastning på attverande nøkkelpersonar. At desse prioriterte produksjonen i 2019 og pålagt arbeid rundt regionreforma, ser fylkesrådmannen som ei riktig og naturleg prioritering. Det er forståeleg at det var svært vanskeleg for dei attverande nøkkelpersonane å svara fullt ut på eit så omfattande notat.

Rett nok bør prosjekt evaluerast for å trekkja lærdom av gode og dårlege løysingar. Men når vegvesenet i mellomtida alt hadde implementert nye metodar for oppfølging av prosjekt, var behovet for ei større evaluering mindre.»

Etter ei totalvurdering er sekretariatet komne til at kontrollutvalet bør be fylkesrådmannen koma med ny skriftleg og munnleg statusrapportering når det gjeld vidare oppfølging av punkt 2, som gjeld gråsteinsmuren, i siste møte før sumaren 2020.

På bakgrunn av at fylkesrådmann, Rune Haugsdal, i møte 25.11.19 uttalte at dei vil rette opp det som kan karakteriserast som manglar i høve inngåtte kontraktar for dei 19 punkta det er stilt spørsmål ved hadde sekretariatet ei forventning om meir konkrete svar på nokre av punkta om kva som ville verta gjort.

Etter ei totalvurdering seier sekretariatet seg likevel samde med fylkesrådmannen i at det er svært vanskeleg for Vestland fylkeskommune å svare dei ut meir detaljert. I denne vurderinga har vi teke med at det er 4 - 8 år sidan prosjektet vart gjennomført, dei fleste nøkkelpersonane ikkje er tilsett i dagens fylkeskommune og reklamasjonsfrist mot entreprenør er ute.

Kontrollutvalet gjer ikkje enkeltvedtak og er difor ikkje eit klageorgan etter forvaltningslova. Dersom det på eit seinare tidspunkt skulle koma inn formelle klager på prosjektet er kontrollutvalet ikkje rett instans til å handsame dette. Ein eventuell slik klage må handsamast administrativt av fylkesrådmannen.

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg og munnleg statusrapportering når det gjeld vidare oppfølging av punkt 2, som gjeld gråsteinsmuren, i siste møte i utvalet før sumaren 2020.

Når det gjeld dei andre punkta vert det tilrådd at kontrollutvalet, etter ei totalvurdering, seier seg samd med fylkesrådmannen i at det er svært vanskeleg for Vestland fylkeskommune å svare dei ut meir detaljert. Kontrollutvalet bør seie seg ferdig med den delen av saka.

Til slutt vert det tilrådd at ein gjer merksam på at ei formell klage på prosjektet ikkje vil verta handsama av kontrollutvalet då utvalet ikkje er eit klageorgan.